



LINDÅS KOMMUNE

Eining for stabs- og støttetjenester
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Kunnskapsdepartementet

Postb. 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Inger- Marie Nordland

Vår ref. Telefon
2010/2 - 0 - 56 37 51 63
16289/2010


Arkivkode: Dato:
223 15.06.2010

Melding om vedtak

Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med UTTALE.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.



Med helsing

Inger-Marie Nordland
Adm.sekr.

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





Arkiv: 223
Saksmappe: 2010/2
Sakshandsamar: Vidar Kolstad
Dato: 25.05.2010

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
61/10	Kommunestyret	10.06.2010

Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor

Saksdokument vedlagt:

Uttale av 6.5.2010 frå KS

Saksdokument ikkje vedlagt:


Høyringsbrev av 19.4.2010 frå Kunnskapsdepartementet

Høyringsnotat: "Nytt finansieringssystem for ikke-kommunale barnehager i en rammefinansiert sektor"

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i kommunestyret.

Kunnskapsdepartementet har den 19.4.2010 sendt på høyring eit forslag til ny forskrift om likeverdig behandling av barnehagar ved tildeling av offentlege tilskot. Samtidig er det sendt på høyring forslag til regulering av uttak av verdier og forslag til ny forskrift om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar. Det blir føreslege eit nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar, og ei innstramming i høvet til å hente ut verdier frå ikkje-kommunale barnehagar. Fristen for å kome med merknadar til høyringsnotatet, er sett til 31.7.2010.



Rammefinansiering

Stortinget vedtok 16. juni 2009 eit forslag til nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor. Stortingets vedtak er basert på Ot.prp. nr. 57 (2007-2008) om lov om endringar i barnehagelova (finansiering av ikkje-kommunale barnehagar) og innstillinga frå Familie- og kulturkomiteen på Stortinget i Innst. O. nr. 103 (2008-2009).

Regjeringa planlegg rammefinansiering av barnehagesektoren frå 1. januar 2011.

Forslag til nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar

Forslaget omfattar private, fylkeskommunale og statlege barnehagar (ikkje-kommunale). Kommunen skal syte for likeverdig behandling av alle barnehagar i kommunen. Likeverdig behandling blir definert som at ikkje-kommunale barnehagar får 100 pst. av det tilsvarende kommunale barnehagar i den einskilde kommune i gjennomsnitt mottek i offentlig tilskot (pr. heiltidsplass).

Regjeringa varsla i samband med statsbudsjettet for 2010 at ho tek sikte på å oppnå likeverdig behandling gjennom ein opptrappingsplan over fem år. Inntil likeverdig behandling er fullt ut innarbeidd i statsbudsjettet, vil det gjelde overgangsreglar.

Ny berekningsmetode for tilskotssatsar

Kunnskapsdepartementet føreslår ein finansieringsmodell der kommunen skal fastsette separate tilskotssatsar for drift og kapital:

- For drift skal det fastsetjast éin sats for små barn med heiltidsplass og éin sats for store barn med heiltidsplass. Kommunen skal fastsetje satsane separat for ordinær barnehage, familiebarnehage og open barnehage. Tilskotssatsane for drift skal bereknast på bakgrunn av kommunens budsjetterte kostnader til drift av egne barnehagar det einskilde år. Kommunen skal dessutan gi eit påslag for administrasjon på fire prosent av det berekna tilskotet for drift. Kommunar som ikkje har egne tall for drift, skal bruke nasjonale gjennomsnittssatsar som departementet fastset.
- For kapital (investeringar) skal det fastsetjast éin sats pr. barn med heiltidsplass, uavhengig av barnas alder. Tilskotet skal dekke avskrivings- og rentekostnader. Kommunen skal fastsetje separate satsar for ordinære barnehagar, familiebarnehagar og opne barnehagar. Tilskot til kapital skal baserast på reelle gjennomsnittlige kapitalkostnader i tilsvarende kommunale barnehagar. Kommunar som ikkje har egne tall for kapital skal bruke nasjonale gjennomsnittssatsar som departementet fastset. Dei nye reglane betyr at reknearkmodellen for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar som har vore i bruk sidan 2003, ikkje vil bli oppdatert for 2011.

Overgangsordningar

Inntil likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar er fullt innarbeidd i statsbudsjettet, må forskrifta innehalde overgangsreglar. Departementet føreslår følgjande overgangsreglar:

- Ikkje-kommunale barnehagar skal få det beste av enten minimumssatsen for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar eller vidareføring av same andel av det gjennomsnittlege offentlege tilskotet til tilsvarende kommunale barnehagar som året før (noverende statstilskot og kommunalt tilskot). Frå 1. august 2010 blir minimumssatsen auka frå 85 til 88 pst. av kva tilsvarende kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottek i offentlig finansiering.
- Kommunen har ikkje plikt til å gi tilskot slik at den offentlege finansieringa av ein ikkje-kommunal barnehage overstig det tilsvarende barnehagar eigd av kommunen i gjennomsnitt mottek i offentlig finansiering.
- Nyetablerte barnehagar som er godkjende av kommunen, skal få tilskot etter kostnadsdekningsprinsippet det første året, men ikkje lågare enn minimumssatsen. Året etter skal barnehagen få det beste av enten minimumssatsen for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar eller vidareføring av same andel av det gjennomsnittlige offentlege tilskotet til tilsvarende kommunale barnehagar som året før.

Uttak av verdier

Kunnskapsdepartementet føreslår å innføre bestemmelsar som sikrar at alle offentlege tilskot og foreldrebetaling i barnehagen kjem barna i barnehagen til gode.

Departementet føreslår følgjande reglar som avgrensar høvet til å ta ut verdier frå barnehageverksemda:

- forbod mot uttak utover rimeleg avkastning på investert kapital
- rett for kommunen til å krevje at barnehagar der drifta blir innstilt, skal betale tilbake verdier akkumulert ved offentlege tilskot eller foreldrebetaling
- transaksjonar mellom barnehage og eigar eller nærstående skal gjerast på marknadsmessige vilkår

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret - 10.06.2010

Fellesframlegg v/ A. Aa. Byrknes:

Høyringa vert teke til orientering.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 10.06.2010

Høyringa vert teke til orientering.

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

